


Kyrkjelydsblad
for
Arna

NR. 5

SEPTEMBER 1999

32.ÅRG.



Du er dyrebar

AV LIV MINDE

Det låg ein ubrukeleg hammar på bakken. Smågutane i familien hadde brukt den til å leika med. Det gjekk fint å knusa stein med ein slik ein.

I var var sinna. Endeleg hadde han fått ned dei ødelagte fjølene ved ytterdøra. No sto han her og fekk ikkje i ein einaste spiker, på grunn av ein ubrukeleg hammar.

Der kom Rune, hans beste kamerat innom.

– Ergerlig og. Skulle det koma ein snekkar og sjå på all denne elendig-heten også?

– Lag litt kaffi til meg, du Ivar, så fiksar eg snekkerarbeidet.

– Har du hammar då? Denne er ubrukeleg. Gutane har

– Ordna med kaffien du.

Etter ei stund vart det både mat og kaffi. Då var også fjølene komne på plass.

– Hadde du hammar med likevel, Rune?

– Nei, du veit, det er meisteren som er viktig, ikkje korleis hammaren ser ut.

Som menneske kan me iblant kjen-
na oss som ein slik ubrukeleg
hammar. Det kan vera både i det
daglege livet og på det åndelege områ-
det. I arbeidet me har, med familien, i
barneoppdragelsen, i forholdet til ekte-

make/kjæreste, i sjukdomssituasjon, i
organisasjonsarbeidet, på skulen, i
venneflokket

Det vart så mykje som gjekk annleis
enn me tenkte. Det er som om me
ikkje strekk til lenger. Visste du at den
Meisteren som har gitt deg livet, veit
om deg. Han er glad i deg, sjølv om
du kjenner deg mislukka og ubrukeleg.
Jesaias 43,4 «du er dyrebar i mine
augo, høgt akta og elska av meg ...»
Salme 139, 1-6: Herre, du ransaker
meg og kjenner meg. Anten eg sit eller
står, så veit du det, langt bortanfrå
merkar du mine tankar. Anten eg går
eller ligg, så ser du det, du kjenner alle
mine vegar. Ja, før eg har eit ord på
tunga, veit du det Herre, fullt og heilt.

På alle kantar omgjev du meg, du har
lagt di hand på meg. Det er for under-
fullt til å skjønna, det er så høgt at eg
ikkje kan fatta det.

**«Du er du og du duger og du passer
perfekt i Guds hand.»**



Du skal ikkje misbruka namnet åt Herren ...

AV PSYKIATER
HANS OLAV TUNGESVIK

«Du skal ikkje misbruka namnet åt
Herren din Gud; for Herren held
ikkje den uskuldig som misbrukar
namnet hans.»
(2. Mos. 20,7)

Dei 10 bodorda utgjer ein del av den heil-
skapen – lov og evangelium – som samla
utgjer Guds frelsesplan for menneska.
Bodorda blir ofte omtala som Guds gode
livslover for menneskelivet. I tillegg til å
vera ein lekk i denne store Guds plan for
menneskelekt, kan me konstatera at kvart
einskild bodord har ein mentalhygienisk
funksjon for oss alle. Dei er med og hjelper
oss til å finna sjeleleg balanse og til å leva
sunt som menneske, reint menneskeleg sett.

Ikkje nokon positiv funksjon

Å misbruka andre sitt namn, kan vera
uttrykk for forakt, nedvurdering og protest
mot vedkomande. Når slikt skjer mellom
menneske veit me at det ikkje har nokon
positiv funksjon verken for den som ringe-
aktar eller for den som vert ringeakta, og
særleg gjeld dette dersom ein ikkje har
noko positivt å setja i staden for forakteleg
bruk av vedkomande sitt namn og gode
rykte. Og heilt andre dimensjonar får sjølv-
sagt dette når det er tale om å misbruka og
setja forakt for Guds namn. Anten folk er
personleg truande eller ikkje, så har dei
aller fleste i seg ei form for ærefrykt for det
som andre heldt for heilag, det som står
over menneskelivet. Men mange undertryk-
kjer denne respekten og inntar i staden ei
meir «forherda» innstilling, noko som har
klåre negative verknader for den sjelelege
helsa og stabiliteten i kjenslelivet.

Livslover


Det heiter i bodordet – «Herren held ikkje
den uskuldig som misbrukar namnet hans».
Mange misbrukar nok Herrens namn utan å

reflektera særleg over det, og utan å tenkja
så mykje på at det er til skade for dei per-
sonleg. I første omgang kan ein kanskje
synast at denne siste delen av bodordet
minner om hemntankar frå Guds side.
Guds tanke med denne formuleringa er
likevel utvilsamt djupare enn som så. Det
er heller ein annan måte å seia det same på
som står i det kjende ordet om «som du sår
skal du hausta». Denne siste delen av bodet
er ei påminning om at dei 10 bodorda er
verkelege livslover, avdi ingen kan handla
på tvers av dei utan å måtta ta konsekvens-
ane. Set me oss først opp mot den Høgste
ved å visa ringeakt for namnet Hans, så vil
det i lengda slå tilbake på oss sjølve, og
ikkje berre skapa ei åndeleg krise, men
også få fylgjer for vår sjelelege helse. Men
her som elles gjeld det at det er oppgjer,
tilgjeving og ein ny start som kan reinsa
og atter reinsa balansen både åndeleg og
mentalt.

Derfor er det nyttig ikkje berre for vår frel-
se, men også for vår sjelelege helse å sjå til
at me ikkje misbrukar Herrens namn. (KPK)

Kom til meg!

Kom til meg alle de som slit og har tungt å
bera; eg vil gje dykk kvile! seier Jesus i
Matteus 11,28.



Open kyrkje

Kvar fredag mellom kl. 18.00 og 19.00 er Arna kyrkje open til bøn og stillheit. Soknerådet har valt ei nemnd som har ansvaret for dette.

Her kan alle koma ut frå sine føresetnader, og vera med på det ein vil. Ein vil prøva å leggja opp til variasjon under denne bønnetimen alt avhengig av kor mange som kjem. Ein kan koma for å vera åleine. Ein kan koma for å få forbøn og for å be saman med andre eller for seg sjølv. Ein kan koma for å vera i stillheit i Guds hus.

Vi vonar mange vil nytta seg av dette høve til å vera i kyrkja på ein litt annan måte enn ein kanskje er van med.

Kjell Nese

Tur til Bakka i Nærøyfjorden laurdag 2. okt. 99

Kvart år arrangerer vi ein tur, og denne gongen er målet Bakka i Nærøyfjorden. Vi køyrer i privatbilar og startar frå busshaldeplassen på Takvam kl. 10.00. Prost Kjell Nese vil halda gudsteneste i Bakka kyrkje, og så har vi kyrkjekaffi saman med bygdefolket i det gamle skulehuset. Har du lyst til å vera med, så meld frå til Haldor Romslo, tlf. 55 24 90 83, seinast 20. september. Sei frå om du har bil, eller om du treng skyss.

Nemnda for Takvam kapell

K-FORUM ARNA



så har vi allerede startet høsthalvåret med deltakelse på «KORGAFESTEN».

Første ordinære møte blir:

tirsdag 12. oktober kl. 19.30 i Kyrkjelydshuset. Bibeltime m/tema fra Ruts bok v/stiftskap./ studentprest Anne Beate Tjentland.

Reserver også disse datoene: 9. og 23. november.

Vel møtt igjen – ta gjerne med en venninne, nabo eller kollega.

**for styret i K-Forum
Jorunn Dahle**

ARNA PRESTEGJELD

Arna Kyrkjekontor, Borgstova, Indre Arna: Tlf. 55 24 04 00 og 55 24 02 15.
Kontortid: Tirsdag, onsdag, torsdag, fredag kl. 09.00-14.00.

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jepsensv. 39: Tlf. 55 24 85 46.

Kontortid: Onsdag og fredag frå kl. 10.00-11.30 og kl. 17.00-19.00.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 55 24 05 69. **Kontortid:** Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.

4-åringar i Ytre Arna (fødd 1995) sjå her!

Dåpsutvalet i Ytre Arna inviterer deg og familien din til **FAMILIEGUDSTENESTE SØNDAG 19. SEPTEMBER KL. 11.00.** Her vil du få utdelt «Mi kyrkjebok», ei flott bok til deg som er 4 år, og det vil vera søndagsskulens dag.

31. OKTOBER KL. 17.00
vil vi óg få invitere deg til
EI SAMLING I KYRKJELYDSHUSET
m/songar
gøye aktivitetar
Dokketeater
Saft og bollar

**Du får invitasjon i posten!
Vi håper vi ser deg til hausten!**



VELKOMMEN TIL HAUSTWEEKENDER I SÆTERVIKA 1999

8.-10. oktober	12-14 års leir	kr. 335,-
15.-17. oktober	8-10 års leir	kr. 305,-
22.-24. oktober	10-12 års leir	kr. 315,-

Sætervika Ungdomssenter ligg ved Tysse i Samnanger. Kvar dag på leir får vi høyra om Jesus og misjonsarbeidet. Ellers vert det aktivitetar, leik, spel m.m.

**Påmelding/nærmare opplysningar:
Norsk Luthersk Misjonssamband
Ø. Muralm. 18, 5012 Bergen
Tlf. 55 32 12 52. Fax. 55 32 15 34**

Velkommen til NMS-leirer og arrangement hausten 1999

Kvamsseter:	Ten-Misjonshelg:	17.-19. september	13-19 år
	Haustleir:	8.-10. oktober	5.-8. klasse
	Adventsleir:	3.-5. desember	3.-5. klasse

Haustferie: 9.-12. september For vaksne

Alværa:	Sport(y)-leir:	4.-7. oktober	5.-7. klasse
	Haustleir:	22.-24. oktober	2.-4. klasse
	Nettverkshelg:	29.-31. oktober	18-30 år

Haustveke: 30. aug. - 3. sept. For vaksne
(påmelding Alværa, tlf. 57 71 18 20)


Nærare opplysningar: Bjørgvin regionkontor i Bergen, tlf. 55 31 00 61

Ordføreren i Bergen sluttar som medhjelpar i Arna kyrkje

– Den kristne trua betyr overlag mykje for meg, og eg ser ingen motsetnad mellom det å ha ein sentral leiande posisjon og det å vera medhjelpar, seier Ingmar Ljones, som vart takka av som medhjelpar av sokneprest Kjell Nese under gudstenesta i Arna kyrkje 24. januar, etter ei samanhengande teneste som medhjelpar i nærare 20 år.

– Eg fekk spørsmålet om å bli medhjelpar av dåverande sokneprest Øyvind Øy og tok til i tenesta 9. desember 1979. Som medhjelpar laut eg møta fram i kyrkja 35 minuttar før gudstenesta tok til. Etter den instruksjonen som galdt for medhjelparar, var oppgåva mi å hjelpa presten med påkledninga, og sørgja for at «dei heilage kjerald var reine og skire». Men elles kunne soknepresten søkja råd hos medhjelparen, og ha han å støtta seg til.

Ein periode, tidleg i 1980-åra, var Ljones åleine som medhjelpar, og det innebar at han kvar søndag måtte stilla opp og gjera teneste. Men det førde til at heile familien gjekk til kyrkje. Det var noko spesielt kvar søndag å få dela fellesskapen med kyrkjelyden og høyra tekstane og sjå samanhengen mellom dei. Han understrekar den fine ramma kring gudstenesta og nemner særskilt bønestundene i sakristiet like før gudstenesta tok til. Der fekk presten, klokkar, kyrkjetenar, organist og medhjelpar leggja fram for Gud i bøn dei som skulle delta i gudstenesta, og det som skulle føregå under gudstenesta. – Dette var høgtidsstunder



som eg vil sjå tilbake på med glede og takk, seier Ljones.

Etter ei tid kom det spørsmål om medhjelparen og kunne hjelpa til ved utdelinga av nattverden. «Dette var nytt i Arna kyrkje, eg kjende meg usikker, og eg tenkte nøye gjennom saka før eg svara», fortel Ljones. Men han bestemte seg for å svara ja, og han fekk eige godkjenningsbrev frå biskopen med løyve til å dela ut nattverden. Gjennom denne spesielle tenesta opplevde han fellesskapen kring nattverdbordet, og han kom på mange måtar kyrkjelyden nærare. I tida som medhjelpar vart han godt kjend med folk. Han merka seg nye som kom til kyrkje og til nattverdbordet, og han lærde seg mange nye namn.

Då Ljones vart medhjelpar, hadde han bak seg to periodar i soknerådet, den eine perioden som formann. Derfor hadde han rimeleg god bakgrunn for å kunna svara dei gongene soknepresten spurde han til råds, og stilte spørsmål om strategisk tenking, og om korleis tilhøva hadde vore før. Det baud seg og høve for han å kommentera preika. Han var imponert over kor vidt talane femnde, slik at dei fekk noko, både dei som var faste kyrkjegjengarar, og dei som møtte fram meir sporadisk. Det hende og at han fekk prøva seg som talar på lekmannsgudstenester dei gongene presten ikkje kunne delta. Han har aldri fått negative reaksjonar på at

han som ordførar i Bergen deltok aktivt som medhjelpar under gudstenestene i Arna kyrkje. Men han har registrert at somme tilreisande spekulerte på om dei såg rett når dei oppdaga ordføreren i Norges nest største by i denne rolla. Fleire har reagert positivt på at det har vore råd å kombinera desse to verva. Når han fekk presserande oppgåver som ordførar var det likevel ofte vanskeleg på kort varsel å bytta med dei andre medhjelparane. Dette gjorde at han no fann det rett å avslutta tenesta som medhjelpar. Audun Stølås vart under den same gudstenesta innsett som ny medhjelpar i Arna kyrkje.


Prestens medhjelpere

Christian 4s forordning om kirketukt 1629 innførte en medhjelperinstitusjon. Prestens medhjelpere, som skulle velges ut blant betrodde sognemedlemmer, skulle bistå presten i tilsynet med menigheten, og særlig påtale slike synder som ikke kunne rammes av loven.

(Store Norske leksikon, Kunnskapsforlaget)

«Barnerøster»

har samling på Arna Bedehus mandagar kl. 17.00-18.00. Alder frå 4 år og oppover. Aktivitetar: Song og leik.



Kontaktperson: Borghild Midttun, tlf. 55 24 33 14

«Jonasklubben»

er ei gruppe som samlast på Arna Bedehus mandagar mellom kl. 18.00-19.30. Alder frå 2. kl. og oppover. Ymse aktivitetar.

Kontaktperson: Synnøve Monstad, tlf. 55 31 56 68.

Frå Bedehusland

Betania, Lone

September

- Tor. 09. 19.30 Nattverdmøte
Søn. 12. 16.00 Samlingsfest.
Asle Hetlebakke
Tor. 16. 19.30 Bønn- og vitnemøte
Søn. 19. Lovsngmøte i kyrkja.
Lør. 25. 16.00 Lørdagssamling. NLM.
Besøk av Radio Gnisten
19.30 Ungdomskveld BUF.
Audun Stølås
Søn. 26. 1045 Søndagsskule
19.30 B-kveld. NLA.
Arve Brunvoll.
Tor. 30. 11.00 Bibelkurs i Betania.
Johannes Kleppa
19.00 Basar. NMS

Oktober

- Fre. 01. 20.00 Fredagskafé
Søn. 03. 16.30 Familiemøte
Tor. 07. 19.30 Israelsmisjonen.
Eldbjørg Terkelsen
Søn. 10. 11.00 Gudsteneste i Betania
Tor. 14. 11.00 Bibelkurs i Arna bedehus.
Rott/ Tveranger
Tir. 12.- Møteveke BUF/HIM
søn. 17. **Sven Arne Hetlebakke**
Lør. 16. 19.30 Ungdomskveld
Søn. 17. 12.00 Jubileumskonsert
med Barnekoret
Tor. 21. 19.30 Nattverdmøte
Lør. 23. 16.00 Lørdagssamling.
Signy og Kåre Mangersnes
Søn. 24. 16.30 Storfamiliesamling.
Santalmisjonen.
Signy og Kåre Mangersnes
Tor. 28. 11.00 Bibelkurs i Betania.
Johannes Kleppa. 3
Søn. 31. 19.30 Søndagsmøte NLM.
Kristian Jørgensen

November

- Fre. 05. 20.00 Fredagskafé
Søn. 07. 10.45 Søndagsskule
19.30 Søndagsmøte.
Laila Storstrand
Tor. 11. 19.30 Nattverdmøte
Søn. 14. 16.30 Familiemøte. HIM.

Arna Bedehus

September

- Tor. 09. 17.00 Eldretreff
Søn. 12. 19.00 Møte v/Misjonssamb.
Tor. 16. 19.30 Bønnemøte
Søn. 19. Lovsngmøte i kyrkja
Tor. 23. 19.30 Nattverdmøte
Søn. 26. 19.00 Møte v/Læarakademiet
Tor. 30. 11.00 Bibelkurs. Betania, Lone.
Johannes Kleppa

Oktober

- Søn. 03. 18.00 Lyrikk-kveld.
Haldis Reigstad.
Song og musikk. Bevertning
Tor. 07. 17.00 Eldretreff
Fre. 08. 19.30 Det Hvite Bånd
Søn. 10. 17.00 Basar Sjømannsmisjonen
Tor. 14. 11.00 Bibelkurs. Rott/ Tveranger
Søn. 17. 19.00 Møte
Tor. 21. 19.00 Medlemsmøte
Søn. 24. 19.00 Møte v/Israelsmisjonen
Tor. 28. 11.00 Bibelkurs. Betania, Lone,
Johannes Kleppa
Fre. 29.- 19.00 Temahelg. Audun Hjelvik.
søn. 31. 18.00 «Glimt frå Joh. 21».
Samtale. Enkel bevertning

November

- Tor. 04. 17.00 Eldretreff
Fre. 05. 19.30 Det Hvite Bånd
Søn. 07. 10.45 Søndagsskule
Tor. 04.-
søn. 07. Haustmøte i Bergens Indremisjon
Tor. 11. 19.30 Bønemøte
Søn. 14. 19.00 Møte v/Misjonssamb.

Bibelkurs for pensjonistar

Sist vår arrangerte indremisjonslaget i Indre Arna bibelkurs, særleg lagt til rette for pensjonistar. Kurset vart halde på bedehuset, og timane var lagt til formiddagen, fordi det er beste tida for pensjonistane å ta ut. Kurset var så vellukka at ein planlegg nytt kurs no i haust. Men no vil ein utvide tilbo-

det der indremisjonslaga i Ytre og Indre Arna, saman med Lone arrangerer. Det vert lagt opp til fire kursformiddagar, alle gonger kl. 11.00. Det vert to bibeltimar kvar gong.


- | | |
|---------------|---------------|
| 30. september | Betania, Lone |
| 14. oktober | Arna bedehus |
| 28. oktober | Betania, Lone |
| 18. november | Arna bedehus |

Haldis Reigstad kommer til Arna

Arna Indremisjon arrangerer Lyrikk-kveld i Arna Bedehus søndag 3. oktober kl. 18.00. Den kjente kristne forfatter Haldis Reigstad kommer og lesar egne dikt.

Hun har hittil gitt ut 7 diktbøker, og de er til sammen solgt i ca. 40.000 eks. Ingen annen norsk kristen lyrikkforfatter har så stor leserkrets.

Haldis Reigstad har også skrevet flere kan-tater, og mange sanger som blir brukt i kristne forsamlinger over hele landet.



Talarar som vert med er Johannes Kleppa, Frank Rott og Oddmund Tveranger.

Bibeltimane er sjølvsagt opne for alle, men som nemnt vil ein særleg leggja dei til rette for pensjonistane. Difor vil me oppfordra deg som pensjonist til å bli med, og få fleire med deg til bibeltimane.

Storsatsing for Norsk Lærerakademi Sondag 26. september

Desse stadane i Arna får vitjing:

- | | |
|-----------------------------|----------------------------------|
| Arna kyrkje kl. 11.00 | Jarle Sandvik |
| Ytre Arna kyrkje kl. 11.00 | Jostein Sæther/
Edle S. Lunde |
| Trengereid kapell kl. 11.00 | Kåre Berge |
| Takvam kapell kl. 16.00 | Nils Arne
Lavik |

Indre Arna bedehus kl. 19.00
Astrid Ø. Halsnes/
Ove Sæle

Betania Lone kl. 19.30

Arve Brunvoll.

ALPHA – et kompetansekurs for livet

Vi er i gang og har fremdeles ledige plasser.

Mandager i kyrkjelydshuset Indre Arna kl. 19.00.

Ring oss for din påmelding på tlf. 55 24 04 00.

Eller møt opp.

Verdier og veivalg gjennom kunnskap!

Velkommen til Alpha – et kompetansekurs for livet.

Med vennlig hilsen Jarle A. Sandvik
Leder og koordinator Alpha - høst 99

SØNDAGSSKULANE I ARNA

Namn	Stad	Klokkeslett	Leiar	Tlf.
Haugland s.sk.	Haugland bedeh.	kl. 11.00 annankvar søndag	Roger Horsøy	55 24 77 06
Plytten s.sk.	Plytten 28	kl. 11.00 annankvar søndag	Solfrid Stein	55 24 71 67
Ytre Arna s.sk.	Bedehuset	kl. 11.00 annankvar søndag	Lisbeth Hjortland	55 53 12 56
Trengereid s.sk.	Barnehagen	kl. 11.00 Heimane får halvårsplan	Klara Ulveseter	55 24 09 65
Romslo s.sk.	Grendahuset	kl. 13.00 Heimane får halvårsplan	Klara Ulveseter	55 24 09 65
Takvam s.sk.	Takvam kapell	kl. 12.00 Heimane får halvårsplan	Klara Ulveseter	55 24 09 65
Hauge s.sk.	Betania, Lone	kl. 10.45 Heimane får halvårsplan	Inger Myklebust	55 24 29 03
Garnes s.sk.	Garnes skule	kl. 11.00 Kvar søndag når det ikkje er fam.gudst.	Morten Pedersen	55 24 37 15
Arna kyrkje sin s.sk.	Kyrkjelydshuset	I kyrkjetida	Margareth Berg	55 24 41 66

Haugland og Ytre Arna ber om fleire s.skulearbeidarar. Meld deg til teneste!

Tirsdagskl. Unneland bedeh. Kvar tirsdag mellom 10-12 Leiar: Liv Minde 55 24 30 69

Klubben er for born i alderen 0-6 år saman med ein vaksen.

Eittåring tilsett i Arna kyrkjelyd

- Ei gåve til Arna kyrkjelyd, lat oss ta imot henne med glede og takk, sa formannen i soknerådet, Svein Inge Myhr, då han presenterte **Gro Søvde** (22) for kyrkjelyden under gudstena i Arna kyrkje 5. september.

Soknerådet har tilsett Gro som eittåring fra 1. september, og ho er førebels knytt til Arna kyrkjelyd fram til 30. juni neste år. Ho skal ha eit særleg ansvar for ungdomsarbeidet i Arna.

Gro har vakse opp på Haukeland. Etter fullført vidaregåande skule på Danielsen i Bergen har ho arbeidd i Ungdom i oppdrag, der ho m.a. har drive med evangelisering i Euromisjon



i Norge. Ho har og hatt oppdrag i utlandet, særleg i Polen og Tyskland. - Mi fremste oppgåve her i Arna, sa Gro på spørsmål frå Svein Inge Myhr, er å gje dei unge eit reelt bilete av kven Gud er, og å fortelja dei kva det vil seia å høyra Jesus til.

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døypte

Arna sokn:

- 24.05.: Oda Kristin Sundland, døypt i Haus kyrkje
 30.05.: Silje Nævdal, Sofie Solbakken Skulstad, Vilde Reiersen Kleiveland, Markus Tverlid Andersen, Oliver Tverlid Kolltveit og Chris Andre Solberg
 06.06.: Solveig Elisabeth Zinke Trædal, døypt i Solheim kyrkje, Masfjorden
 13.06.: Kristoffer Vågenes Skjelbreid, Marius Njaastad Angell, Stein Arne Herfindal Opedal, Sabrina Eriksen, Celina Marie Duc Andresen, Silje Marie Rysjedal, Erica Andersen, Emilie Hovden og Malene Sofie Kvant Bøthun
 20.06.: Ingrid Rødbotten Varden og Nikolai Kvammen Hetleflåt
 27.06.: Even Bjørnevoll Fagertveit, Oliver Hole Dahl, Martin Olsnes, Ivar Sundfjord Sæthre, Marius Herdlevær
 27.06.: Sofie Nygard Skar, døypt i Mo kyrkje
 04.07.: Kija Eline Knoph Lie Falkanger og Torbjørn Takvam Sæterdal, døypt i Takvam kapell
 11.07.: Thomas Finnerud Mortensen, Thomas Storli og Rune Nordanger Mæstad
 18.07.: Torstein Tønning, døypt i Ervik kyrkje
 25.07.: Lars Edward Skogseide og Erik Stølås
 08.08.: John David Berg Hansen, Bjørge Skjelbreid Djuve og Maren Rygg Brekke
 22.08.: Emil Hjortland, Viljar Engesæt og Alexander Nicolai Mostrøm

Ytre Arna sokn:

- 30.05.: Lars Erik Rolland
 04.07.: Emma Lunde Slettmark
 24.07.: Sanna Konstanse Starborg

- 25.07.: Kevin Kalsås Frøderberg
 15.08.: Emilie Mikkelsen Mjelde, Sander Kjønsnes Lie, Fredrik Landhaug
 22.08.: Vanja-Maria Presthus Rasmussen

Vigde

Arna sokn:

- 12.06.: Helge Jordan Johannesen og Linn Vedå
 Lars Olav Gåsdal og Lena Kristin Madsen, vigde i Samnanger kyrkje
 19.06.: Arild Andersen Kjølau og Kristine Amble
 Ole Frank Halvorsen og Britt Norunn Nordbø
 26.06.: Olav Flatås og Synnøve Korneliussen
 Rolf Einar Eriksen og Kristi Hummervold
 03.07.: Henry Nilsen og Bente Heggem
 08.07.: Knut Martin Horvei og Nina Iren Hagberg, vigde i Sjømannskirken København
 10.07.: Håkon Ytrearne og Liv Frøyseth
 31.07.: Rune Larsen og Gro Espeseth
 Frode Dæmring og Therese Håland
 Bjørn Atle Thune og Gro Værøy Sveinung Botnen og Bente Godø, vigde i Kinn kyrkje
 06.08.: Øystein Børdal og Marit Elin Bergfjord Skjellanger, vigde i Åsane gml. kyrkje
 07.08.: Torstein Larsen og Marianne Lunde
 14.08.: Rune Engelsen og Hildegunn Bratli
 Stig Amundsen og Jannicke Faugstad, vigde i Vaksdal kyrkje
 21.08.: Vidar Magnussen og Jill Herfindal Jørgensen
 Trond Fosse og Nina Melstvedt
 Ronny Christensen og Britt Elin Thunestveit
 Svein Ove Balle og Gro Berge

Ytre Arna sokn:

- 24.07.: Gry Vangsnes og Nils Gøran Ragnar Starborg

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døde

Arna sokn:

- 17.05.: Norvald Harald Nesse, f. 1925
Marta Løvteit, f. 1910
- 20.05.: Lars Skjoldal, f. 1918
- 02.06.: Alfred Otto Johannessen, f. 1925
- 07.06.: Borghild Haldorsen, f. 1912
- 08.06.: Ingebjørg Hemre, f. 1930
- 09.06.: Jenny Larsina Tungeland, f. 1903
- 23.06.: Birger Børdal, f. 1912
- 26.06.: Emma Løvskaar, f. 1911
- 29.06.: Harald Nilsen, f. 1921
- 19.07.: Anna Trengereid, f. 1907
- 20.07.: Konrad Borge, f. 1910
- 24.07.: Johanna Mjåtveit, f. 1913
Fritz Bru Henriksen, f. 1920
- 26.07.: Anna Solberg, f. 1911
- 09.08.: Johanna Storli, f. 1913
- 09.08.: Thora Kristine Klinge Jonassen,
f. 1912
Thorleif Næss, f. 1913
- 13.08.: Johanna Maria Herfindal, f. 1940

Ofringar

Arna sokn:

- 30.05.: Arna Barnekantori kr. 2.214,-
- 06.06.: Kyrkjelydarbeidet kr. 3.353,-
- 13.06.: Samemisjonen kr. 3.359,-
- 20.06.: Barne- og
Ungdomsprosjektet kr. 2.294,-
- 27.06.: Kirkens Familieråd-
givningskontor kr. 3.126,-
- 07.07.: Kyrkjelydsarbeidet kr. 2.192,-
- 11.07.: Kristen Idrettskontakt kr. 3.275,-
- 18.07.: Barne- og Ungd.prosj. kr. 3.058,-
- 25.07.: Hald Skule kr. 1.841,-
- 01.08.: Kyrkjelydsarbeidet kr. 2.595,-
- 08.08.: Gatebarn i Brasil
01 08 «Carf» kr. 3.560,-
- 15.08.: Barne- og Ungd.prosj. kr. 3.067,-
- 22.08.: Kirkens SOS kr. 6.077,-

Ytre Arna sokn:

- 20.06.: Den norske Samemisj. kr. 850,50
- 27.06.: Kristelige sosialtj. kr. 661,00
- 04.07.: Kyrkjelydshuset kr. 780,00
- 18.07.: for bibel og
bekjennelse kr. 817,50
- 25.07.: Det blå kors i Norge kr. 1.264,00
- 01.08.: Kyrkjelydsarbeidet kr. 656,00
- 15.08.: Bjørgvin bisped.råd kr. 1505,50
- 22.08.: Arna og Åsane
prostiråd kr. 1204,50

Forbønsring for Arna

For nokre år sidan vart det danna ein forbønsring for Arna sokn. Det vert sendt ut bønnebrev med forbønsemner. Ein kan be einskildvis eller fleire saman. Det er nå tid for eit nytt bønnebrev. Sidan det nå er mange år sidan denne ringen vart etablert, kan det vera naturleg å organisera denne bønneringen på nytt og få fleire med. Alle som vil vera med i bønneringen for Arna ringjer namnet sitt inn til Arna Kyrkjekontor, tlf. 55 24 04 00. Skriftleg innbyding vert og lagt ut i Arna kyrkje og distribuert kringom på ymse vis.

K./

Neste nr. av Kyrkjelydsbladet

Kyrkjelydsbladet kjem ut med eit ekstranummer 29. september i samband med 100-årsjubileet for Ytre Arna kyrkje. I dette ekstranummeret vert det berre plass for jubileumsstoff.

Stoff til neste ordinære nummer av Kyrkjelydsbladet kan leverast til kyrkjekontoret **innan 19. oktober**. Dette bladet kjem ut **3. november**.



Kyrkjeskys

HAUKELAND/UNNELAND

- 12. september:**
Oddmund Skjoldaltlf. 55 24 28 76
- 19. september:**
Sverre Myklebusttlf. 55 24 29 05
- 26. september:**
Ingrid Hopetlf. 55 24 08 08
- 3. oktober:**
Jens Haugetlf. 55 24 01 43
- 10. oktober:**
Berit Haugsværtlf. 55 24 08 15
- 17. oktober:** Oddmund Skjoldal
- 24. oktober:** Sverre Myklebust
- 31. oktober:** Ingrid Hope
- 7. november:** Jens Hauge

ARNATVEIT OG INDRE ARNA

- 12. september:**
Odd Kjostlf. 55 24 17 82
- 19. september:**
Gunnar Kaaresentlf. 55 24 02 41
- 26. september:**
Per Eidetlf. 55 24 15 15
- 3. oktober:**
Jostein Monstadtlf. 55 24 32 20
- 10. oktober:**
Arne Håøytlf. 55 24 03 26
- 17. oktober:** Odd Kjos
- 24. oktober:** Gunnar Kaaresen
- 31. oktober:** Per Eide
- 7. november:** Jostein Monstad

Dei tilsette i kyrkjelydane

Sokneprest Kjell Nese
Prestegarden, 5260 Indre Arna
Tlf. 55 24 02 72

Kap. Trygve Johansen
Gamlev. 8, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 75 53

Organist Arna
Christopher David Briggs
Vallerhaugen 7
5260 Indre Arna
Tlf. 55 24 40 55

Kontorfullmektig Arna
Ella Kaaresen
Hølbekken 125, 5262 Arnatveit
Tlf. 55 24 02 41

Kateket Erik Rodal
Stuajordet 31, 5262 Arnatveit
Tlf. 55 24 00 41

Kyrkjetenar Arna
Jarle A. Sandvik
Tlf. 55 24 04 00

Organist Ytre Arna
Siri Brunvoll
Vågsbotn, 5131 Nyborg
Tlf. 55 18 45 29

Kontorfullmektig Ytre Arna
Benthe Veve Birkeland
Nordstrandv. 27, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 73 92

Kyrkjetenar Ytre Arna
Sølvi Sæle
Skulev. 8, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 88 93

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, Postboks 64, Indre Arna, 5888 BERGEN

Redaktør: Magne Mestad.

Redaksjonsnemnd: Klara Ulveseter, Asle Reigstad og Magne Mestad.

Bladpengar: Kr. 50,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 0805 31 04445.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Ytre Arna

ARNA GRAVFERDSBYRÅ

Espeland



Kåre Bj. Hope

Tlf. 55 24 08 08 – Mobil tlf. 945 01504

Står til teneste med alt ved dødsfall

SAMDALS 55 90 19 80 hele døgnet

BYRÅ Kommer også hjem for samtale.
JONSVOLLSGATEN 1 J. Teigland – M. Hamre – E. Kvamme

as Sarepta Blomster

Tlf. 55 24 25 95 ØYRANE TORG 5260 INDRE ARNA

*Vi utfører alle oppdrag innen
blomsterdekoratørfaget*

Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i **Arna**
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT
55 32 55 50

Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris



FØREKORT KL. B

- Fornøyde kunder
- Trygge sjåførere

Tlf. 55 24 00 83/93 06 96 00

ERIK
STEPHANSEN
TRAFIKKSKOLE



KIRKENS SOS

Treng du nokon
å snakka med?

Ring 55 32 32 00
frå klokka 19 til 07
alle dagar

eller mellom klokka 10 og 14
mandag til fredag

Frødis
SALONGEN

Vestlivegen 75, 5234 Garnes
Tlf.: 55 39 01 40

Stedet for moderne og
fagmessig hårdesign
Dame • Herre • Brudepynting



Fagkunnskap gir
trygghet

10 % for pensjonister alle dager.



Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.

Pynting av kirke,
konsert- og forsamlingslokaler.

Espeland Gartneri

5267 ESPELAND TLF. 55 24 08 09
ARTHUR HOPE

Din lokale storbank i Arna!

KREDITKASSEN

Filial Arna – tlf. 55 24 55 30

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup,
konfirmasjon og bardedåp.

Keiveland A.S
Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

Vi reparerer alle typer
husholdningsapparat.
Monterer TV-antennene,
også TV 2.

Litangen Husholdningsservice, Garnes

Telefon 55 24 02 87

Velkommen til kyrkje

- 12.09.** *16. s.e. pinse – Matt. 6,24-34*
Arna kl. 11.00. Vikarprest Arthur Pilskog. Nattverd. Takkoffer til Barne- og Ungdomsprosjektet.
Trengereid kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE. Kjell Nese. **SØNDAGSSKOLENS DAG.** Presentasjon av konfirmantar. Takkoffer til søndagsskulekretsen.
Takvam kl. 16.00 SØNDAGSSKOLENS DAG. Kjell Nese. Takkoffer til søndagsskulen.
- 19.09.** *17. s.e. pinse – Joh. 11,17-27, 37-44*
Arna kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE. Søndagsskolens dag. Trygve Johansen. Dåp. Takkoffer til Bergens Søndagsskolekrets.
Ytre Arna kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE. Søndagsskolens dag. Kjell Nese. 4-åringane er inviterte. Takkoffer til Bergen Søndagsskolekrets. Kyrkjekaffi.
- 26.09.** *18. s.e. pinse – Mark. 2,18-28*
Arna kl. 11.00. NLA-dag. Kjell Nese og Jan Sandvik. Nattverd. Takkoffer til NLA.
Ytre Arna kl. 11.00. NLA-dag. Trygve Johansen, Jostein Sæther og Edle S. Lunde. Nattverd. Takkoffer til NLA. Dåp.
Trengereid kl. 11.00. NLA-dag. Kåre Berge. Nattverd. Takkoffer til NLA.
Takvam kl. 16.00. NLA-dag. Nils Arne Lavik. Nattverd.
- 03.10.** *19. s.e. pinse – Mark. 12,28-34*
Arna kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE. De psykisk utviklingshemma tek del. Kjell Nese. Nattverd. 50-års konfirmantane er innbedne. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kl. 11.00. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til De fire diakoni-institusjonar. 50-års konfirmantane er innbedne til middag.
- 10.10.** *20. s.e. pinse – Ef. 4,22-28*
Arna kl. 11.00. Gudsteneste. Dåp. Takkoffer til Kirkenes Bymisjon.
YTRE ARNA KL. 11.00. YTRE ARNA KYRKJE ER 100 ÅR.
JUBILEUMSGUDSTENESTE. Biskop Ole D. Hagesæther og kyrkjelydens prestar. Arne Sangforening. Kyrkjekoret. Blåsegruppe frå Arne Musikkforening. Takkoffer til nytt orgel. Kyrkjekaffi på Sentrum.
- 17.10.** *21. s.e. pinse – Mark. 10,2-9*
Arna kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE. Kjell Nese. Hausttakkefest. 3. klasse er inviterte. Dåp. Takkoffer til Orgelfondet.
Ytre Arna kl. 18.00. KYRKJEKONSERT. (Jubiléet). Kollekt.
Trengereid kl. 11.00. Trygve Johansen.
- 24.10.** *22. s.e. pinse – Joh. 12,44-50*
Arna kl. 11.00. Gudsteneste. Arthur Pilskog. Nattverd. Takkoffer til Barne- og ungdomsprosjektet.
Ytre Arna kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE. Kjell Nese. Høsttakkefest. Barne- og Ungdomskoret. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.
- 29.10.** **Ytre Arna kl. 19.00** i Thomasmesse. Kjell Nese.
- 31.10.** *Bots- og bededag – Jes. 59,1-4, 8-9*
Arna kl. 11.00. Kjell Nese. Kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kl. 11.00. Trygve Johansen og Knut Rønnestad. Takkoffer til Sjømannsmisjonen. Kyrkjekaffi.
- 07.11.** *Allehelgensdag – Matt. 5,1-12*
Arna kl. 11.00. MINNEDAG. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer. Kyrkjekaffi.
Ytre Arna kl. 11.00. MINNEDAG. Kjell Nese. Nattverd. Kyrkjekoret. Takkoffer til Menighetsfakultetet.
Takvam kl. 16.00. Minnedag. Kjell Nese. Kyrkjekaffi.
- 14.11.** *25. s.e. pinse – Esek. 37,1-5. 10-14*
Arna kl. 10.00. FAMILIEGUDSTENESTE. Kjell Nese. 4-åringar inviterte. Dåp. Takkoffer til Dåpsopplæringsutvalget.
Arna kl. 12.00. FAMILIEGUDSTENESTE. Kjell Nese. 4-åringar inviterte. Dåp. Takkoffer til Dåpsopplæringsutvalget.
Ytre Arna kl. 11.00. FAMILIEGUDSTENESTE. Trygve Johansen. Barne- og Ungdomskoret. Takkoffer til Den indre Sjømannsmisjon. Kyrkjekaffi.